

Stølsprosjekt 2011–2012




FYLKESMANNEN
I HORDALAND

REGISTRERING AV STØLAR I AKTIV DRIFT

Rapport

Victor Jensen. Fmla

Reidulv Gald. Rådgjevar



Innhald

Forord	5
--------	---

A

Registrering og kartlegging av aktiv drift	8
---	----------

Besso Turisthytte, Eidfjord	9
Storlisæter, Sysendalen, Eidfjord	10
Rinden, Bjoreidalen, Eidfjord	11
Øvre Hussæter, Kvinnherad	12
Ullsteinsdalstølen, Kvam	13
Sjuset, Kvam	14
Nupshadlane, Haukelid, Odda	15
Midtfjellsvollen, Haukelid, Odda	16
Fedlestein, Valldalen, Odda	17
Nyastølen, Odda	18
Havrådalen beitelag, Osterøy	19
Gullbrå Fjellgeit, Vaksdal	20
Ormaset, Voss	21
Eenstølen, Voss	22
Fennastølen, Voss	23
Veskre, Voss	24
Veskre, Voss	25
Bjønndalen, Voss	26
Helgaset, Voss	27
Allmenningen, Voss	28
Øvestølen, Voss	29
Helgaset, Urdland, Voss	30
Stavali, Ullensvang	31
Eikemostølen, Vetrhus, Kyrping, Etne	32
Krossdalen, Jens Sævareid, Etne	33
Tyssebotn, Osterøy	33

Tabellar

Stølar i aktiv drift i Hordaland	34
Bønder som er slutta med støling i perioden 2008 - 2011	35
Bønder som stølar i andre fylker	35

B	Analyse av resultata for kartlegginga	38
	Aktivitet på stølane	38
	Årsaker til at bøndene gjev seg med stølsdrift	39
	Alder på budeier/budørar / Kjønnssfordeling	40
	Driftstilhøve	40
	Tilstanden på stølane	40
	Ku- og geitefjøs, mjølkerampe	41
	Kulturlandskap	42
	Kulturminne	43
C	Legge fram forslag til tiltak for å sikre og utvikle driftsforma tradisjonell mjølkestøling. RMP tilskot	44
	Stølslag	45
	Landbruksskulane og 4H?	45
	Kva med stølar som ligg i fjellet eller langt frå garden og som vert drivne utan høve til overnatting?	45
	Tilskot til bygningar/vegar	46
	Skjøtsel av fjellbjørkeskog	46
	Mottakstilhøve for mobil på stølane	46
	Oppsummerande sluttord	47
	Kart med stølar i aktiv drift	48



Agastølen, Bjoreidalen

Forord

I ein europeisk og skandinavisk samanheng har Noreg eit spesielt ansvar for å sikre driftsformene og landskapskvalitetane knytt til stølsdrift. Vestlandet er i ei særstilling i Noreg, ettersom det er her ein finn stølsmiljø i fjordlandskapa. Framleis finst stolar der foredling av mjølkeprodukt er ein viktig del av driftsopplegget på garden. Det er ei utfordring å auke verdiskapinga på stølen for å sikre økonomisk lønsemd for denne driftsforma.

Driftsforma knytt til desse landskapstypene er i dag svært sjeldan både i norsk og europeisk samanheng. Stølsdrifta er ein del av ein kostnadseffektiv mjølkeproduksjon og driftsforma har stor verdi gjennom å ta vare på beiteressursane i utmarka, skape lokal verdiskaping og styrke regional utvikling knytt til reiseliv. Driftsforma er likevel arbeidskrevjande og føreset at gardbrukarane bur på – eller dregg opp til stølen to gangar kvar dag for å mjølke. Bygningar og driftsapparat treng jamleg vedlikehald og investeringar.

Stølsbruket er den beste garantisten for ivaretaking av biologisk mangfald i utmark. Mange av dei truga kulturmarkstypene er knytt til tradisjonelle utmarksbeiter, slåtteenger, stølsområde og beitevoller. Det er trong for utvikling av økonomiske verkemidlar som både tek vare på dei tradisjonelle driftsformene knytt til stølsdrift, og til utviklinga av skjøtselstiltak for ivaretaking av biologisk mangfald.

For å kunne rette fokus på denne driftsforma har Fylkesmannen i Hordaland ved Landbruksavdelinga tatt initiativ til å undersøkje status for driftsforma. Tema i kartlegginga var både å få gjort opp status for tradisjonell støling med mjølkeproduksjon, bygningsmasse og kulturlandskap. Kartlegginga vart avgrensa til dei som er registrert som søkjarar av tilskot til støling i forskrift om regionalt miljøprogram i Hordaland (RMP) i 2010, 2011 og 2012.

Rapporten består av to delar, ein rapport frå vitjing av stølane og ei vurdering av status for støling. Det er også laga forslag til tiltak for korleis ein kan betre tilhøva for tradisjonell støling.

I tillegg til denne rapporten, er det ein feltrapport som er oppbevart hjå Fylkesmannens landbruksavdeling. Feltskjema og rettleiar for kartlegginga er det same som er nytta av Skog og landskap i deira arbeid med registrering av seterlandskap. Vi har avgrensa registreringa til dei stølane som framleis er i tradisjonell bruk og er søkjegode på RMP, mens Skog og landskap har valt ut fleire enn dei som framleis driv støling med mjølkeproduksjon.

Styringsgruppa for prosjektet er:

- Steinar Sørli, Fylkesmannen si landbruksavdeling
- Victor Jensen, Fylkesmannen si landbruksavdeling
- Kari Stensgaard, Skog og landskap
- Tore Bjørge, Hordaland fylkeskommune
- Reidulv Gald, konsulent, tidlegare fylkesagronom i tekniske fag

Feltarbeidet er utført av Reidulv Gald og Victor Jensen sumaren 2011 og 2012. Rapporten er utarbeidd av Reidulv Gald.

Resultata frå arbeidet med rapporten er tatt med som grunnlag for rullering av det Regionale miljøprogrammet for Hordaland for ei ny periode frå 2013 – 2016 og utarbeiding av ny forskrift om tilskot frå regionalt miljøprogram.

ÅSE VAAG

Ass. landbruksdirektør

Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga

10.12.2012

Samandrag

I det regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP) som var fyrste gong utarbeidd i 2004, vart det peika på verdien av tradisjonell støling som driftsform i Hordaland. Det vart òg etablert ei eiga regional tilskotsordning til dei som driv tradisjonell mjølkestøling. Ordninga vart revidert i 2009 med eit ekstra tilskot til dei som driv foredling og sal frå stølen. RMP skal, med miljømål, strategiar og forskrift om tilskot, rullerast for perioden 2013 – 2016. Som bakgrunn for rulleringa vart det satt i gong ei evaluering av status for tradisjonell støling i Hordaland med vekt på utfordringar knytt til drift, landskap og bygningsmasse.

Resultata i rapporten «Stølsprosjekt 2011–2012. registrering av stølar i aktiv drift» synar at det i 2012 er til saman 26 stølar i aktiv drift i Hordaland. Av dei 26 bøndene som driv støling er 4 stølar registrert som fellesstølar, og om lag 10 driv med foredling og sal av produkt frå stølen.

I perioden 2008–2011 har 16 bønder slutta med støling. I rapporten er det registrert 8 bønder som stølar i andre fylke.

Undersøkjinga peiker på fleire tilhøve som gjer at bøndene sluttar med stølsdrift.

Mellom anna:

- Familietilhøve og tilgang på arbeidskraft. Gardbrukarar som har barn, kan ikkje overnatte på stølen i lange periodar. Det er heller ikkje nok arbeidskraft i familien til at nokon kan bu på stølen under innhaustinga av gras.
- Økonomi: det er dyrt å leige arbeidskraft til å ta seg av stølsdrifta og det lønnar seg ikkje for små og middels store bruk. Å pendle til og frå stølen er òg dyrt og ferdsele på dårlege vegar gjev gjerne stor slitasje på køyretøya. Mange har annan jobb i tillegg til gardsdrifta, noko som gjer støling endå vanskelegare. Stølinga krever investeringar i og vedlikehald av hus, utstyr og vegar.
- Samdrifter: buskapane er for store til å frakte til fjells og drifta er rasjonalisert ved bruk av roboter.
- Mange produsentar av kumjølkk har konsentrert kalvinga om hausten for å ha fri om sommaren. Sommarmjølka er heller ikkje godt nok betalt.
- Geitebønder, som gjerne stølar for å utnytte fôrtilgangen til produksjon av vår- og sommarmjølkk, har problem med å få leige stølar i Hordaland.
- Lite nettverk for støling.

Det er lagt fram ei rekke forslag til tiltak for å betre forholda for støling:

Forslag til tiltak og justeringar.

Det er ikkje lett å foreslå verkemidlar som kan stimulere bøndene til aktiv stølsdrift.

Men følgjande kan truleg vere ein veg å gå:

- Stimulere skuleverket, spesielt jordbrukslinjer på vidaregåande, til å ta stølsbruk inn i læreplanen.
- Arbeide bevisst med «Inn på tunet» tiltak og stølsbruk.
- Reiseliv og «Grøn omsorg».
- Oppmode 4H til å ta stølsdrift inn i praksisoppgåvene.
- Danne stølslag og opprette nettside.
- Marknadsføre stølsdrift for ålmenta.
- Betre marknadstilhøva for stølsprodukt. (Felles marknadsføring, Bønder i byn, Matfestivalen?)
- RMP tilskot til vedlikehald av stølsfjøsar, teknisk utstyr og stølsvegar.
- RMP tilskot til rydding /tynning av beite i stølsområdet.
- Ekstra RMP tilskot til unge stølsbrukarar. Aldersgrense 30 år?
- Starttilskot til nye stølsbrukarar.
- Oppmode teleselskapa til å betra mottakstilhøva for mobil og internett i sentrale stølsområder.

A

REGISTRERING OG KARTLEGGING AV STØLAR I AKTIV DRIFT

Registrering av stølar i aktiv drift vart gjennomført somrane 2011–12. Det er vitja eller registrert 27 stølar derav 26 i drift. Totalt har vi vore i kontakt med 50 bønder som enten stølar, er slutta med stølsdrift eller stølar utanfor Hordaland.

For å gje lesaren av rapporten oversikt over vitja stølar, er det skrive ein kort presentasjon av den einskilde stølen som er registrert. Meir informasjon frå feltregistrering, kart og fleire fotos finn ein samla hjå Fylkesmannens landbruksavdeling.



Besso Turisthytte, Eidfjord

KVITHEIM SAMDRIFT
G/B 88/3 VOSS

Besso Turisthytte ligg ved Lågen, midt på Hardangervidda i Eidfjord kommune, om lag seks timars gange frå Tinnhølen. Turisthytta leiger 7 kyr gratis frå Kvitheim Samdrift på Voss for å bruke mjølka i hushaldet.

Fraktekostnadene må leigaren dekke, ca kr 10.000,-. Det vert ysta ost og kinna smør i tillegg til at det vert sett rømmekolle. Stølen skapar elles eit spesielt miljø som turistane set pris på. Røktarrolla går på omgang mellom slektningar av vertskapet som brukar ferien til å stelle kyrne gratis mot å få fiske og fritt opphald. Utanom turisthytta er det to steinbuer (sel?) og eit par hytter som er rusta opp og vert brukt av dei som arbeider der i turistsesongen. Fjøsen treng opprusting, spesielt båsane er ikkje tilpassa store NRF kyr. Fraktekostnader og vanskar med å få røktar kan føre til at Besso sluttar med kyr. Nye eigarar har vurdert kostnadene for høge.



Storlisæter, Sysendalen Eidfjord

RUNE HERLAND

G/B 19/1 OSTERØY

Rune og familien (kone og tre born) driv med 135 geiter og ystar ost på stølen. Far til Rune avløyser nokre helger. Dei leverer geitost til forretningar i Bergen og sel til turistar og fastbuande. Dessutan sel dei pølser av geitkjøt som er produsert på Voss.

Storlisæter er ein nedlagd gard ved Sysendammen. Husa er sjøelveigande og alderen spanner frå hytte av ny dato til gamal steinbu frå 1850 som no vert brukt til ysting. Dei fleste husa er bygde frå 1960 til 1983. Det største selet og ystehuset har trong for opprusting. Geitene held lauvskogen i sjakk både på kvea og i nærleiken. Litt konflikt med ein og annan hytteeigar som får uroa nattesøvnen av geiter som søker ly under hyttene. Men elles vert stølinga sett pris på av dei fleste. Det er gode utsikter til at stølen vert driven av familien i framtida.





Rinden, Bjoreidalen

RINDEN, BJOREIDALEN

GEIR OLMOD SÆBØ. Ø. EIDFJORD

G/B 8/4 EIDFJORD



Geir Olmod driv stølen med 8 kyr og nokre kviger frå buskapen til fellesfjøset garden er medlem i. Kona, Margrete, er budeie saman med borna. Kyrne vert sina av på stølen og det er derfor liten produksjon. Mjølka vert separert og rømmen kinna til smør eller det vert kokt prim. Produkta er til eige bruk.

Stølen låg opphavleg ved Bjoreia lenger nordvest mot Eidfjord, men vart flytt dit den ligg no rundt 1900. Det er sti i nordvestleg retning til stølen frå vegkrysset ved Bjoreidalshytta og det tar om lag 45 min å gå strekninga.

Stølshusa er av nyare dato og det er få spor etter opphavlege bygg. Hytta er bygd på yttermurane til gammalt sel i 1981 og kjellaren fungerer no som mjølkerom. Fjøsen er bygd av bindingsverk i 1985. Ei lita bu, «Primbua» er bygd 2003 og er mellom anna lagerrom for mjølkeprodukt. Elles er det elektrisk aggregat i eige hus som syter for straum til lys, koking, varme og drift av mjølkemaskina. Familien reknar med å fortsetje stølinga i mindre omfang, i alle fall i 2013.





Øvre Hussæter

GRETHE HESVIK, MAURANGER
G/B 57/2 KVINNHERRAD

Grethe driv med 70 geiter, 40 vf sauer og fire hestar mens ektemannen arbeider på anlegg og er vekependlar. Mjølka vert henta av tankbil og levert til meieri.

Det er tre km frå garden til stølen på bratt anleggsveg som BKK held i stand.

Buskapen er sanert.

Driftsbygningen er bygd om og mjølkebua er utvida. All innreiing og treverk som har vore i kontakt med geit er skifta.

Stølen vantar sel, men der står ei lita kvilebu på omlag 3 m². Det er planen å byggje hytte på nedsida av kvilebua.

Kvea og nærområdet er halde godt ved like og beitet er artsrikt og frodig.

Dei har planar om å rydde ein skogteig på oppsida av mjølkebua slik at beitet vert større og betre. Dei unngår dermed at geitene drar langt i eit elles vilt og bratt terreng.

Grethe er ung, interessert, bonde som overtok garden som 20 åring etter at faren omkom.

Ho haustar fem bruk og har planar om å leige eit nabobruk til oppal av kje og ammegeit.





Ullsteinsdalstølen

G/B 85/1 KVAM

Trond Kaland har kjøpt garden til Lars Tyssebotn, Osterøy. Han driv med geit og sau og buskapen er under oppbygging på eigen avl. Sanert buskap. Det er planen at han skal ha 80 mjølkegeiter og 15 vf sauer. Mjølka vert levert til meieri om sommaren og ysta om vinteren. Det er eige ysteri på garden.

Husa på stølen er i bra stand. Fjosen er bygd 1982 og inneheld mjølkerampe. Selet er frå 1984. Utedo og skur for aggregat er der også. Beitet er inngjerda og der er ein del stor skog, men lite underskog. Tilkomsstvegen er smal og bratt og er stengd for trafikk.

Han har mekanisert sterkt for å rekke over gardsarbeidet. Han leiger budør i tre veker som bur med familien i selet.

Ung og entusiastisk bonde med klare framtidsplanar.



Sjusete

**HÅKON BØRVE. ØYSTESE.
G/B 35/13 KVAM**



Håkon bur fast på stølen og steller ni kyr. Mjølka vert levert til meieri.

Fjøsene inneheld mjølkestall og er bygd 1996, mens hytta er bygd 1991 og er seinare påbygd.

Han leiger inngjerda beite som delvis er vassjukt. Eige areal er bakkete og slege saman med leigd areal.

Håkon trur at det vert siste året med stølsdrift på grunn av alder. Problem med overtaking av garden.





Nupshadlane, Haukelid

JAN HASLEMO. Ø. VATS
G/B 1/10 ODDA

Jan leiger stølen av Statsalm. v/Røldal Fjellstyre. Han driv med 240 mjølkegeiter og ystar ost av mjølka på stølen. Stor omsetning til turistar og fastbuande.

Han har planar om nytt stølsanlegg ved riksvegen med sals- og utstillingslokale der turistar kan ha innsyn til fjøs og mjølkeavdeling. Kunnskapsrik og entusiastisk geitbonde.



Midtfjellsvollen, Haukelid

FOR 2011: JENS A. MARKHUS.

G/B 126/3 ETNE

FOR 2012: KÅRE SKROMME

G/B 273/1 KVINNHERAD



Midtfjellsvollen er nabo til Nupshadlane.

Jens leiger stølen av Statsalm. v/Røldal Fjellstyre for 2011.

Kåre Skromme skal attende til stølen i 2012. Han har leigd den tidlegare år.

Jens driv med 80 mjølkegeiter og ystar mjølka på stølen. Direktesal av ost til turistar og fastbuande. Han har ikkje sanert buskapen.





Fedlestein, Valldalen

GUNNLAUG BERGE, RØLDAL
G/B 26/3 ODDA

Gunnlaug driv med 70 geit og leverer mjølka til ysteriet i Røldal. Ho overnattar på stølen i ny hytte. Det gamle selet er også i bruk. Stølskvea vert hausta mens geitene beiter i nærområdet. Artsrik eng i kvea.

Attgroinga på utsida av gjerdet er merkbar på grunn av at mange har slutta med geithald i Røldal.





Nyastølen

OLAV TVEITA, RØLDAL
G/B 29/3 ODDA



Olav driv med ca 80 geit. Han omset geitkjøtet sjølv etter at Gilde, Evanger har laga pølser av det. Mjølka vert levert til ystemeieriet i Røldal og han ystar sjølv på stølen i mindre mengder. Stor trafikk av turgåarar forbi stølen, så han omset ein del når han er på stølen og mjølkar el haustar kvea. Stølskvea og ein dyrka utmarksteig vert hausta. Gjengroing er også her synberr.





Havrådalen beitelag

**V/MAGNAR MJELDE. OSTERØY
SEKS BØNDER DELTAR I
BEITELAGET**

Fellesbeitet er fulldyrka og inngjerda og arealet er omlag 360 daa. Det er 103 kyr på beitet.

Mjølkestallen er bygd tidleg på 1970 talet og har plass til 2x4 kyr i fiskebeinstall.

Hytte og reiskapshus er bygd seinare. Husa er i bra stand, men fjøsen treng opprusting og modernisering. Røktaren er inn leigd og bur i hytta. Han er elles dreng på gardane for å fylle tida. Beitet er lite pussa og det er mykje swingel- og sølvbunketuer. Sterk attgroing på utsida av gjerdet.



Gullbrå Fjellgeit

V/OLAV GULLBRÅ
EKSINGEDALEN.
G/B 69/4 VAKSDAL

Sommarfjøsén, b.å. 1967, ligg i utmarka kort veg frå tunet og det er ikkje høve til overnatting. Olav driv saman med Gunnar S. Brekkhus (Svoger som driv gard på Brekkhus) og dei har til saman 230 geiter. Dei leverer mjølka til meieri. Lite gjengroing på grunn av mangårig drift med geit i området. Olav har eigen kraftstasjon.



Ormaset

GUNNAR S. BREKKHUS, BREKKHUS.
G/B 379/2 VOSS

Gunnar driv no geitstøl saman med Olav Gullbrå (svoger) inn til vidare, men ser ikkje bort frå å drive stølen sin på nytt.

Selet er kombinert med fjøs i kjellaren og er av nyare dato.

Han har brukt straumaggregat, men ønskjer å få lagd fram straum til stølen. Det er elles traktorveg opp til stølen. Lite gjengroing i området.



Eenstølen

**BJØRN A. HØEN. SKULSTADMO
(EIGAR SVEIN EKREM)
G/B 62/3 VOSS**



Garden vert pakta av Bjørn A. Høen og Mariann, dotter til Svein Ekrem. Det vert drive mjølkeproduksjon på ku, 12 kyr, og mjølka vert transportert til meieri. Stølen var opphavleg fellesstøl på fellesbeite, men vert no disponert av Bjørn. Selet er frå 1800 talet og ligg i stølstun i nærleiken. Fjosen med mjølkestall er bygd 1979. Beitet på 200 mål vert no rydja for krattskog og gjerdet er sett i stand etter mange års forfall. Paret er interesserte i å drive stølen trass i lang veg frå garden.





Fennastølen

IVAR EIKEFJORD

G/B 167/4 VOSS

Det vert drive med mjølkeproduksjon på ku, 12 kyr, og mjølka vert sendt til meieri. Støl med stor avstand mellom husa. Selet er bygd 1880 og bygd om 1970, mens fjøsen er bygd 1980. Stølsløa er lafta og er bygd tidleg på 1800 talet.



Stølskvea vart tidlegare hausta, mens den no vert brukt til beite om natta. Området utanfor kvea er tilgrodd med bjørk, men artsmangfaldet er intakt på kvea. Kvea er elles vassjuk på ein del av arealet. Ekteparet har stor interesse for stølsdrifta og brukar mykje tid til vedlikehald av husa. Dei reknar med å fortsetje i åra framover. Ivar arbeider i Nordsjøen.





Veskre

**AUD TORILL JENSEN. BORDALEN
G/B 215/5 VOSS**

Stølen er i aktiv drift med mjølkeproduksjon på ku, 26 kyr.

Mjølka vert levert til meieri. Selet er bygd 1880 og bygd på 1981, mens fjøsen er bygd 1980.

Aud Torill har planar om å leige ut tre rom i selet og å legge til rette for interesserte som vil lære å kinne sitt eige smør og å yste ost. Dessutan vil ho fortsetje med servering av stølsmat til påmelde grupper, born frå skular, 4H og barnehagar.





Veskre

**MARIANNE GJERALD OG
OVE NETELAND. BORDALEN.
G/B 215/2 VOSS**

Stølen er i aktiv drift med mjølkeproduksjon på ku, 20 kyr. Mjølka vert levert til meieri.

Det gamle selet med fjøs i kjellaren er bygd ca 1800 og det er plan om å restaurere det.




Ny fjøs er bygd 1998, mens hytta er førd opp 1988. Marianne, som sjølv arbeider

i barnehage, har planar om å ta i mot born frå barnehagar og servere enkel stølskost.

På Veskrestølane er det lagd ned mykje arbeid av grunneigarane med rydjing av turstiar, reksler, pilgrimsveg og montering av infotavle. Det er derfor mange som går tur i til fjells. Landskapet er ope innanfor kveene, men gjengroing er stor i området.





Bjønndalen

STEINAR ÅRHUS. BREKKHUS.
G/B 380/7 VOSS



Steinar driv med mjølkeproduksjon på 104 geiter og leverer mjølka til meieri.
Stølen er bygd 1988 – 90 og plassert lenger ned i dalføret enn der han støla tidlegare.





Helgaset

**NARVE J. HIMLE. BORDALEN
G/B 203/1 VOSS**

Narve og kona driv mjølkeproduksjon på ku på stølen der kona er budeie. Buskapen er på 13 kyr og 60 sau. Mjølka vert separert og fløyta vert sett til rømme og kinna til smør. Begge produkta vert selde lokalt eller servert til besøkjande. Selet er opphavleg frå 1819,

men er rive og bygd oppatt på ny grunnmur rundt 1910. Fjøsene låg opphavleg under selet, men det er bygd ny fjøs på eigen tomt i 1970.

Kvea vart tidlegare hausta og høyet frakta heim over fjellet til Veskre om vinteren.

Om lag 3 km av vegen fram til stølsgrenda er privat og er stengd for andre enn dei som soknar til Helgaset.

Ekteparet vil fortsetje stølsdrifta så lenge «helsa held». Sonen er interessert, men arbeider no i «oljå». Han brukar all fritid på stølen og hjelper mora med det daglege stellet.



Allmenningen

KNUT ARVID OLDE. BORDALEN
G/B 204/1 VOSS.

Knut A. driv stølen med fire leigekyr frå buskapen til Olde Samdrift der han er medeigar. Mor hans, Gjertrud Olde, er budeie og har støla i 41 år. 40 av desse åra har ho halde til på stølen dei har på Helgaset, mens det er første året dei stølar på ny støl. Nye hus er bygde på gamal stølsvoll. Stølsvollen høyrer til tilleggsgjorda han har kjøpt. Selet er bygd 1998 på gamle fjøsmurar, mens ny fjøs er bygd 2011.

Mjølka vert separert og fløyta vert sett til rømme og kinna til smør. Begge produkta vert selde lokalt eller servert til besøkjande. Drifta av stølen vil halde fram så lenge budeia greier å stelle dyra.





Øvrestølen

OLAV T. RIO, BORDALEN
G/B 205/1 VOSS

Olav T. driv og restaurerer selet for å kunne starte oppatt drifta av stølen frå 2013. Buskapen vert på 10 kyr og 17 kasjmirgeit. Geitene skal halde kvea rein for oppskot av bjørk og elles nytte graset. Selet er bygd om lag 1850, mens fjøsen er bygd 1970.

Kvea var tidlegare hausta og høyet vart først lagra i utløa og seinare på året transportert ned med togbane.

Det er planen å nytte stølen som demonstrasjonsstøl i tillegg til husdyrparken for gamle husdyrrasar han er i ferd med å bygge opp. Stølsmaten vil bli laga til heime og frakta opp til stølen og servert i selet.

Det er bygd skogsveg til støls. Vegen er bratt og den er så vidt framkommeleg med 4-hjulstrekt bil. Den gamle stølsvegen skal rustast opp og brukast av besøkjande som må gå til støls. Gjestene vil bli guida og guiden vil fortelje om stølsdrifta i farne dagar. Interessant tiltak.





Helgaset, Urdland

LARS K. ALMELAND. 5710

SKULSTADMO.

G/B 84/1 VOSS

ARILD ØVSTHUS. G/B 83/1 VOSS

Det er to brukarar som deler på å bruke mjølkestallen og fellesbeitet.

Lars K. har 18 kyr og Arild 15 kyr på stølen. Mjølka vert levert til meieri.

Bøndene leiger budeier, og i år er det to jenter som er

elever på jordbruksskulen som steller dyra. Dei har budd på stølen i eit leigd sel.

Budeiene vert honorert med kr 1.000,- pr dag på deling. Fjosen vart bygd ca 1970 og er innreidd med mjølkestall i rekke med plass til fire kyr.

Det er ni stølar i grenda og kvar har hatt stølskve. Kveene er slått saman til inngjert fellesbeite på 200 daa. Ein del av arealet vart fulldyrka for om lag 40 år sidan. Det har grodd opp ein del buskeine, men elles er beitet artsrik natureng. På utsida av stølen er fjellsidene attgrodd med bjørk. Det beiter ein del ungdyr og sau i liene rundt stølen. Det er bomveg fram til stølen men ikkje framført straum.





Stavali

V/ODD ARNE ESPELAND.
G/B 24/6 JONDAL.

Odd Arne vert pensjonist til våren og har sakt opp avtalen med Bergen Turlag. Med stølsretten føl det beite til 10 kyr og 30 geiter samt garnfiskerett i tre vatn og fellingsløyve på fire reinsdyr. Odd Arne og kona har drive i 15 år med kyr.

I år hadde dei med tre kyr og

ei kvige. Mjølka har blitt brukt til rømmegraut, rømmekolle og som fersk mjølk. Smør likte ikkje fjellvandarane, så det var lite brukt i hushaldet. Dottera Ranveig og mannen kunne tenke seg å støle vidare, men då dei kravde litt løn trekte BT seg. Odd Arne var sikker på at BT ville bruke noko tid på å få vidareført stølsdrifta med sine tradisjonar og kortreist mat. Hadde han visst utfallet, hadde han ikkje sakt opp avtala, men overlata den til dottera. BT har leigd området i 40 år og fått tilskot til restaurering av stølshusa. Det burde forplikte til å fortsetje stølsdrifta.





Eikemostølen Vettrhus, Kyrping

GEIR ARNE EIKEMO.

G/B 95/3. ETNE

NILS KJETIL EIKEMO.

G/B 95/4. ETNE

Det er to brukarar som deler på å bruke mjølkestallen.

Geir Arne har 63 geiter og ca 50 vf sauer mens Nils Kjetil har 57 geiter, 30 kje og ca 25 sauer på stølen. Mjølka vert levert til meieriet på Haukeli.

Mjølka vert transportert i tank frå stølen og til brygga med traktor og tappa over i tank som er montert på ei gamal skøyte. Skøyta går frå Eikemo til Kyrping og lastar over i tankbil.

Brukarane får godtgjersle av meieriet for transporten.

Bøndene leiger budeier i tre månader, og i år er det mor og dotter frå Litauen som stølar på andre året. Budeiene vert honorerte med kr 17.000,- kvar pr månad + feriepengar. Dei bor gratis i selet til Geir Arne og har fri gass til matlaging.

Fellesfjosen vart bygd ca 1982 av fire gardbrukarar og er innreidd med plass til alle geitene, mjølkestall, mjølkerom, opphaldsrom og toalett.

Kulturminnene på Vettrhus er registrerte av Lena Eikemo Kutschera og Bjørn Arve Lunde frå kulturetaten hjå Fylkeskommunen. Dei eldste sela er truleg frå 1700 talet.

Vegen er lagd utanom stølsgrenda for at den skal vere intakt.


På grunn av geithaldet er stølskveene og nærområdet omkring fritt for skog og er urte- og grasrikt.

Alle som bur på Eikemo skipar elles til stølshelg kvar sommar som samlar både slekt og folk frå andre bygdelag i hopetal. I det høve vert det reist ein stor lavvo i tilfelle regn.

Det vert servert stølskost og lokale krefter står for underhaldninga.

Det er berre ungkarar på Eikemo. Framtidsutsiktene for bygda og landbruket er derfor ikkje særleg lovande når bøndene gir seg.





Krossdalen

JENS SÆVAREID
G/B 61/3. ETNE

Jens driv støl i Krossdalen nær Dyranut på H. vidda. Han har 100 geiter og foredlar all mjølka både heime og på stølen. Geitosten vert omsett ved riksvegen eller levert til faste kundar. Han har kjøpt gard for tre år sidan og har

planar om å halde fram med drifta og å auke geitebuskapen. Selet er opphaveleg frå tidleg på 1800 talet, mens fjøsen er bygd på 1980 talet.. På same tid vart selet påbygd og det vart intallert elektrisk aggregat i eige hus. Den gamle fjøsen sto ved riksvegen, men den er no falle saman/riven. Den tidlegare leigaren av stølen, Annlaug Myre frå Etne, dreiv som budeie i 39 år. Ho hadde ca 200 geiter, men reduserte til 90–110 + nokre kyr de siste åra.



Tyssebotn

**LARS TYSSEBOTN OG
BERIT OPHUS**
G/B 104/2 OSTERØY

Lars Tyssebotn har seld garden i Hardanger og kjøpt gard på Osterøy. Ekteparet har 80 geiter utan kvote og ystar derfor mjølka til brunost.

Dei har fått mjølkekvote på 40.000 l frå 2013. Mjølka skal delvis leverast både til TINE og ystast på stølen og garden.

Det ligg føre løyve frå kommunen til å byggje ny støl ved Botnavatnet i Tyssebotn. Dei gamle stølshusa ligg inst ved vatnet, 11 km frå garden på Bernes. Det vantar veg fram til påtenkt støl, men BKK har bygd 3,6 km veg innover i dalen.

Planen er å bygge fjøs på 96 m² med plass til 80 geit med rekruttering og mjølke/ysterom. Husværet skal byggast saman av to barakker. Det skal førast fram elektrisk straum til stølen. Dei har elles 30 vf sauer som beitar i stølsområdet.

Stølar i aktiv drift i Hordaland

Kommune	Namn	G/Bnr	Tal Ku Geit	Andre husdyr	Stølsnamn	Felles Enkel støl
Eidfjord	Geir Olmod Søbø. Ø. Eidfjord	8/4	8 K	Nokre Kviger	Rinden, Eidfjord	E
Etne	Jens A. Markhus. Etne	126/3	80 G		Midtfjellsvollen, Odda	E
Etne	Jens Sævareid. Etne	61/3	100 G		Krossdalen* Eidfjord	E
Etne	Jens Arne Eikemo. Markhus Nils Kjetil Eikemo	95/3 95/4	63 G 57 G	50 sau 25 sau	Vetthus	F
Jondal	Odd Arne Espeland	24/6	3 K	1 kvig	Stavali* Ullensvang	E
Kvam	Håkon Børve. Øystese	35/13	9 K		Sjuset	E
Kvam	Trond Kaland. Tørvikbygd	85/1	80 G	15 sau	«Stølen»?	E
Kvinnerød	Grethe Hesvik. Mauranger	57/2	70 G	40 sau 4 hest	Øvre Hussæter	E
Odda	Gunnlaug Berge. Røldal	26/3	80 G		Fedlestein	E
Odda	Jan Haslemo. Ø. Vats	1/10	240 G		Nupshadlane Haukeli. Odda	E
Odda	Olav Tveita. Røldal	29/3	80 G		Nyastølen	E
Osterøy	Havrådalen Beitelag v/Magnus Mjelde (6 bønder)		103 K		Havrådalen	F
Osterøy	Lars Tyssebotn. Berit Ophus	104/2	80 G	30 sau	Botnen?*	E
Osterøy	Rune Herland, 5282 Lonevåg	19/1	135 G		Storlisæter. Eidfjord	E
Vaksdal	Olav Gullbrå. Eksingedalen Gunnar S. Brekklus. Brekklus	69/4 379/2 Voss	230 G		«Utefjøs» (Ormaset)	F
Voss	Bjørn A. Høen. Skulstadmo Eigar Svein Ekrem	62/3	12 K		Eenstølen (Tidl. Fellesfj.)	E
Voss	Ivar Eikefjord. Fenne, Voss	167/4	12 K		Fennastølen	E
Voss	Aud Torill Jensen. Bordalen	215/5	26 K		Veskre	E
Voss	Marianne Gjerald Ova Neteland. Bordalen	215/2	20 K		Veskre	E
Voss	Steinar Århus. Brekklus	380/7	104 G		Bjønndalen	E
Voss	Narve J. Himle. Bordalen	203/1	13 K	60 sau	Helgaset	E
Voss	Knut Arvid Olde. Bordalen	204/1	4 K		Allmenningen	E
Voss	Olav T. Rio. Bordalen	205/1	10 K	17 geit	Øvrestølen	E
Voss	Lars K. Almeland. Skulstadmo Arild Øvsthus, paktar (Eigar Johs Hegle)	84/1 83/1	18 K 15 K		Helgaset Urdland	F
Voss	Kvitheim samdrift, Voss	88/3	7 K		Besso Turisthytte Eidfjord	E
Voss	Haldor Dugstad. Skulstadmo	85/1	2 K		Rauhellaren* Turisthytte Eidfjord	E
27 stølar (derav en ute av drift)	34 bønder				*Ikkje besøkt av ulike grunnar	4 F 22 E

Bønder som er slutta med støling i perioden 2008 - 2011

Kommune	Namn	Gards/ bruksnr	Stølsnamn	Årsak
Austrheim	Mathias Sætre	142/1	Grønestølane	Slutta m sommarmjøl
Etne	Alf M. Eikemo	95/2	Vetthus	Ikkje oppgjeve
Voss	Bjarne K. Himle	202/2	Øyaset	Slutta 2011. Alder*
Voss	Jon Kåre Tveite	322/3	Reppane	Slutta. Er i «oljå»*
Voss	Solfrid Eide	2/!	Eides Fannadalen	Ammekyr*
Voss	Godfred Skjelde	11/2	Flagastølen	Alder*
Voss	Alf K. Nåsen	337/2	Nåsen	Alder*
Voss	Johs Hegle	83/1	Helgaset	Pakta bort grunna astma
Voss	Brynjuv Hauge	192/3	Haugamoen	Stordrift. Har kalvar på kvea
Voss	Knut J. Dymbe	85/33	Furteset	Alder. Vonar på yngre generasjon om eit par år.
Voss	Nils J. Gjeraldstveit	218/1	Veskre	Svarer ikkje på telef. el. brev
Voss	Geir J. Kvitne	113/1		Ammekyr*
Fusa	Øystein Markhus	71/1	Brusestølen. Filefj.	Opphald grunna sjukdom Von om ny start.
Osterøy	Oddvar Grimstad	72/2	Kinnabakken, Voss	Oppsagt leigestøl 2011 Søker ny støl
Osterøy	Johs. Tyssebotn	142/1	Helgegårdsstøl	Starta opp m ammekyr i ombygd fjøs frå 2011
Kvam	Asbjørn Fosse	30/1		Slutt -11. Orka ikkje kjøret
16 stk				*Opplysning frå LK Voss

Bønder som stølar i andre fylker

Kommune	Namn	Gards/ bruksnr	Stølsnamn. Plassering	Drift
Kvinnherad	Svein K. Miljeteig	99/2	Steinvollen, Haukelid. Vinje	Geit. Ysting
Kvinnherad	Asbjørn Miljeteig	275/1	Steinvollen. Vinje	Geit. Ysting
Kvinnherad	Kurt A. Jekteberg	264/3	Godthol. Vinje	Geit. Ysting
Kvinnherad	Kjell Jekteberg	274/5	Godthol. Vinje	Geit. Ysting
Kvinnherad	*Kåre Skromme	273/1	Midtfjellvollen. Haukelid. Odda	Geit. Drift frå 2012 Ysting
Kvinnherad	Edle Tveito	82/16	Ullevå. Haukel. Vinje	Geit. Ysting
Kvinnherad	Arne O. Vika	279/4	Litlastølen. Sauda	Geit. Ysting
Kvinnherad	Stein M. Hegland	254/3	Bruhaug. Hovden	Geit. Ysting
8 (7) stk				





B

ANALYSE AV RESULTATA FOR KARTLEGGINGA

FØREMÅL: Fylkesmannen si landbruksavdeling (FMLA) har sett i gong eit prosjekt for å evaluere statusen for mjølkestølar som tar i mot tilskot frå det regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP). Prosjektet vert gjennomført 2011 -2012.

Mål for prosjektet er:

- A Kartleggje status for landskap, stølsmiljø og driftsform for stølar i aktiv drift.
- B Analysere resultata for kartlegginga.
- C Legge fram forslag til tiltak for å sikre og utvikle driftsforma tradisjonell mjølkestøling.

Prosjektet er gjennomført av Victor Jensen, fmla og Reidulv Gald, leigd rådgjevar, mens Steinar Sørli er prosjektleiar.

Aktivitet på stølane

Bøndene driv stort sett med tradisjonell stølsdrift med produksjon av mjølk. Nokre bønder, spesielt geitbøndene, driv med vidareforedling, mens andre skaffar seg litt ekstrainntekt ved å servere stølsmat til turgåarar, skuleklassar, barnehagar m. fl.

Det vert omsett ein god del geiteprodukt langs vegane i fjellet. Det gjev nok ei ekstrainntekt ved å foredle mjølka i staden for å levere til meieri.

Nokre av bøndene haustar stølskvea dersom den er halde ved like. Andre brukar kvea til å halde dyra samla om natta.

Årsaker til at bøndene gjev seg med stølsdrift

Det er i hovudsak alder på bøndene og overdraging av garden til ny generasjon som gjer at stølsdrifta vert lagd ned. Yngre bønder har eller skaffar seg i dei fleste høve arbeid utanfor garden. Det vert derfor for slitsamt å drive på stølen i tillegg til jobb og drift av garden. Interesse for stølsdrift er generelt liten blant yngre gardbrukarar vesentleg på grunn av familietilhøve, krav om fritid, arbeidspress og økonomi.

Det er også eit fåtal av bønder som produserer sommarmjølkk. Kalvinga er konsentrert om hausten.

Det førekjem at yngre generasjon overtar garden og sel mjølkekvoten for å redusere arbeidsmengda og å få meir fritid

Fellesfjøs for ku er også ei årsak til at bønder sluttar med stølsdrift. Driftsomfanget er ofte stort der mange brukarar har felles buskap. Krav om at kyrne skal gå ute to månader vert følgt opp med små areal på luftegardane og fôring/mjølking i driftsbygningen for å rasjonalisere drifta.

Dessutan har bøndene konsentrert kalving om hausten for å vere fri mjølking ein del av sommaren. Sommarmjølka er heller ikkje godt nok betalt.

Det stiller seg annleis for geitbønder som har lagd opp produksjonen med vår- og sommarmjølkk. Geitene kjear i februar og mjølkar til ut over hausten.

Geitbønder ser det derfor naudsynt å drive med stølsdrift for å få tilstrekkeleg med beite og å hindre sjukdomar på heimebeitene. Om lag 1/3 av fôrtrongen eller 0.8 fe pr dag og geit vert dekkja av beiting i utmark. Dessutan gjev fjellbeite betre smak på mjølkeprodukta. Fjellbeitene er meir artsrike en kulturbeite og både kyr og geit er selektive i val av gras og urter spesielt om forsommaren. Geitene beiter i tillegg på renningar og årsskot.

Tendensen er at om lag halvparten av geitbøndene i Hordaland leiger seg stolar i nabofylka, mens det er berre ein frå anna fylke som leiger i vårt fylke.

Årsaka til at dei søkje andre områder er mange, men vesentleg er sanering av geitene på grunn av sjukdom og dårleg helse. Eit par av geitbøndene var ueinige i tiltaket og stilte seg avventande og hadde geitene heime inn til sanering er gjennomført.

Det var også vanskar med å få leige stolar for dei som ikkje åtte støl.

Eitt framlegg frå ein geitbonde var at Fmla eller La skulle søkje etter ledige stolar og tilby stolarne til bønder som ynskjer å starte opp med stølsdrift.

Økonomi er ofte trekt fram som grunn for å slutte. Frakte- og driftskostnadene er blitt høge særleg for dei som pendlar dagleg til stølen. Stølsvegane er i dei fleste høve bratte og humpete og det vert høge drivstoffutgifter og stor slitasje på kjøretøya.

Dessutan brukar alle elektrisk eller bensin/dieseldrivne aggregat for drift av mjølkingssanlegg, mjølketank, eventuelt koke- og røreutstyr for osteproduksjon, oppvarming, matlaging og belysning.

I tillegg kjem kostnader til vedlikehald av hus og vegar, transport av mjølk og dyr, kraftfôr og veterinær for å nemne dei største utgiftspostane. Nokre av bøndene leigde budeier der kostnadene varierte frå 30.000,- til 34.000,- pr måned pluss feriepengar. For små- og mellomstore buskapar er det neppe lønnsamt å leige budeier.

Alder på budeier/budørrar / Kjønnssfordeling

På stølane vi har besøkt er det overvekt av middelaldrande og eldre røktarar. Det var 44% menn, 28% kvinner og 28% ektefeller som stod for stellet på stølen. Ein fellesstøl hadde leigd budør, to fellesstølar leigde budeier og to enkelstølar lånte bort hytte eller sel til familiar i ferien mot stell av små buskapar.



Stølsløe på kve

Driftstilhøve

Driftstilhøva på stølane var jamt over gode. Med unntak av stølane på Hardangervidda, var alle tilgjengelege for personbil. Men vegane kunne ha varierende standard. Nokre vegar hadde bom og var generelt i betre stand enn dei utan på grun av bompengane til vedlikehald.

Eit par var anleggsvegar for BKK og var i bra stand.

På stølane på Haukeli og Hardangervidda budde røktaren med eller utan familien fast

på stølen. Dei vart avløyste nokre helger av familiemedlemar som elles var heime og passa garden. Dei fleste bøndene pendla frå garden til stølen morgon og kveld mens nokre overnatta i selet.

Det er generelt eit problem med lite folk på garden til å kombinere støls- og gardsdrift, spesielt i slåttonnene.

Dei fleste stølane var tilgjengelege for mjølkebil eller bonden kørde mjølka heim. Det var om lag 30% av dei besøkte som delvis eller heilt foredla mjølka på stølen. Naturleg nok var det geitbøndene som ysta ost for direktesal frå stølen og leveransar til faste kundar.

Tilstanden på stølane

Vedlikehaldet på hus og gjerder kunne vore betre, men var sjeldan spesielt graverande dårleg. Dei fleste husa var målingsslitne og gav eit mindre bra inntrykk av stølen. Husa hadde sett betre ut om treverket hadde gråna naturleg i staden for å vere måla av billeg måling som flassar av.



Selet var ofte kosta på og i nokre høve var det hytte av nyare dato, mens det gamle selet enten var rive eller stod til forfalls. Hyttene passa ikkje alltid inn i det gamle stølsmiljøet. Fjøsane var i stor grad av nyare dato og bygd i bindingsverk av blanda kvalitet. Nokre fjøs var skur som var bygd saman etappevis og pynta ikkje akkurat opp bygningsmiljøet. Fjøsane var tekt med bølgeblekk eller andre platetak.

Båsfjøs



Ku- og geitfjøs, mjølkerampe

Eit par kufjøs var innreidd med mjølkestall, mens båsar inntil langveggene var det vanlege. I geitfjøsa var det mjølkingsrampe i alle.

Ystehus var enten knytt saman med mjølkerommet eller var frittstående bygg. Alle ystehusa for geitmjølk var rusta opp i tråd med reglane frå mattilsynet. Men det var ingen som hadde bygd sluse til mjølke- eller ysterommet for besøkjande og veterinær. Ein del mjølkerom var spartanske og ikkje på langt nær på same nivå som vert sett til mjølkerom på garden.



Av andre bygg var det hus for diesel-aggregat og utedo.

I eit par høve stod stølsløa framleis på kvea og vart brukt til lager for ved eller stod tom.

Det var heller ikkje alle som hadde gjerdar ute krøttera frå selet. Det var derfor skit og oppkøyrde spor overalt.



Øvst til venstre:
Geitefjøs, mjølkerampe

Over til venstre: Lysaggregat

Over: Utedo

Til venstre: Stølsløe på kve



Tilgroingsområde

Kulturlandskap

Landskapet rundt stølane var i store trekk prega av bjørk som har skote opp dei siste 20–30 åra. Det var berre der det var geithald at landskapet enno var nokolunde opent. Men der var også tendensen til gjengroing klar. Det var for få dyr til å halde oppskot av spesielt bjørk i sjakk. Artar av gras, urter og lyng som var vanleg før var, med unntak rundt stølen, i sterk tilbakegong. Nokre bønder rydja beitet rundt stølen, men det monna svert lite.

Kampen mot gjengroinga er nok tapt.

Kveene var elles artsrike der dei vart hausta årleg. Det var berre eit par bønder som slo kvea, mens nokre brukte den til beite for husdyra om natta. Det var ferre artar på beitte kveer fordi husdyra valde blant grasartane. Mellom anna vart lyssiv-, hundegras- og sølvbunketuer ståande att og spreidde seg.



Stølskve. Tett bjørkekratt på utsida

Kulturminne

Vi har registrert ein del ruiner etter stølshus, men resultatet var nedslåande. Gamle ræser og stiar var grodd att og var lite eller ikkje synlege i det tilgrodde landskapet. Likeeins spor etter grunnmurar, torvgjerder og risgardar var ikkje lenger synlege i krattskogen. Men det var nokre unntak, mellom anna på stølen Veskre i Bordalen. Bøndene hadde bevisst rydda og merka alle stiane rundt stølen, langs høgdedraga og opp til fjells. Det var derfor større aktivitet av turgåarar enn elles på stølane.



Ruin av liten fjøs



Ruin av fjøs



Brunn



LEGGE FRAM FORSLAG TIL TILTAK FOR Å SIKRE OG UTVIKLE DRIFTSFORMA TRADISJONELL MJØLKESTØLING. RMP TILSKOT

FRAMTIDSUTSIKT? Det ser ikkje lyst ut for stølsdrifta i åra framover. Det er mange som har slutta og få unge som tar seg tid eller orkar å halde fram med stølsdrifta etter foreldra. Ungdommen set krav om meir fritid og dessutan opptar sideyrka det meste av dagen. Det er også få hender som kan ta eit tak på garden. Er ikkje ektefellen i stand til eller interessert i å delta i gardsarbeidet, vert det lange arbeidsdagar for bonden, spesielt i onnene.

Som han sa ein bonde som «sula opp stølsdrifta» i fjor og som nett hadde fylt 50 år. «Eg har ikkje krefter eller helse til å halde fram med det forb--- kjøret heile sommaren år etter år». Han hadde også sideyrke i tillegg til garden.

Lønsemda med stølsdrift har gått ned på grunn av store omkostningar til å halde driftsapparatet både på garden og stølen ved like.

Aktiviteten stranda på økonomi som i dei aller fleste næringar.

Einaste rådgjerdar som det har vore gjort framlegg frå bøndene si side er å auke tilskotet og at bøndene får meir for produkta sine som er produserte på utmarksbeite.

Nokre få har vore innom andre resursar som kan utnyttast på stølen. Det har vore nemnd reiseliv, grøn omsorg, rideturar i fjellet, jakt og fiske. Andre framlegg er naturstiar med infotavler om naturtypar, planteliv, informasjon om historisk bruk av området, kulturlandskap, dyregraver, utsiktspunkt m.m.

Budeietreff og stølshelger er etablert i nokre landsdeler og er ein brukbar ide for å få opp interessa for stølsdrift.

Stølslag

Stølsлага var tidlegare etablerte i alle stølsgrendene og var eit nyttig reiskap når noko skulle utførast på husa eller vegane til støls eller det skulle skipast til samkomer. Likeeins halde styr på beiterettane til den einskilde.

No er det nesten ingen som har høyrte om stølslag.

I eit par fylker er det blåse liv i stølsлага ved å opprette nettsider. Formålet er å ta vare på stølskulturen knytt til natur, kultur og næring i utmarka som har vore nytta til stølsbruk. Dessutan skal nettsida vere møteplass for både faglege og sosiale tilhøve for stølsbrukarane. Det er nokre bønder som har nemnd at dei føler seg som einslege svaler utan yrkesbrør til å diskutere daglege problem og faglege spørsmål med. Nettsider kan vere eit tiltak som kan betra desse tilhøva.

Landbruksskulane og 4H?

Skal ein få oppatt interessa for stølsdrift, må landbruksskulane på bana. Faget må bli sterkare prioritert enn i dag. 4H er ein utmerka møteplass for born og ungdomar og stølen burde inngå i konseptet i sterkare grad enn tilfellet er no. Likeeins «Inn på tunet» tiltak i landbruket burde ha stølen som alternativ i opplegget. Sogelaga har i visse høve arbeidd med stølshistorie og registrering av stølar.

Kva med stølar som ligg i fjellet eller langt frå garden og som vert drivne utan høve til overnatting?

Reglane for tilskot frå RMP set krav om at det skal vere høve til å overnatte i sel/hytte på stølen for å få tilskot. Ein bør i visse høve dispensere frå eller endre regelen. Eit eksempel som syner at regelen slår skeivt ut er ein kvinneleg bonde som dagleg køyrde tre km opp i fjellet på bratt anleggsveg for å mjølke geitene. Det var ikkje sel på stølen, berre ei lita kvilebu på 2–3 m² i tillegg til fjøsen. Ho hadde to små born og mann som kom heim frå arbeid kvar helg. Mor hennar passa borna mens ho var på stølen. Ho hadde mellom anna store omkostningar til drivstoff og hadde trong for ny bil.

For at dei få ungdomane som satsar på stølsdrift skal halde fram og ikkje misse motet, må

dei støttast særskilt. Gjerne trekke dei inn i informasjonsarbeid både i grannelaget, 4H, på jordbrukskular og elles i andre samanhengar i fylket.

Tilskot til bygningar/vegar

Det bør vurderast å gje tilskot til driftsbygningar og driftsapparat. Trongen for å ruste opp og modernisere anlegga vil auke i dei næraste åra på grunn av at mange anlegg er gamle og forelda.

Sela kjem stort sett innunder SMIL ordninga på grunn av alder, mens fjøsane i dei fleste høve er bygde etter 1960 og har ikkje antikvarisk verdi. Sjølv om fjøsane er ute or bruk i korte periodar, bør dei takast vare på i tilfelle ny generasjon vil starte opp stølsdrift. Stølsgrendene har elles kulturell verdi og må ivaretakast heilskapleg.

Skjøtsel av fjellbjørkeskog

For å betra beitene rundt stølen bør gras- og urterike områder i skogen ryddast og tynnast. Det er viktig å starte med stiar og områder som husdyra tidlegare har likt best. Tidleg slepp av dyra har også god effekt på skjøtselen av området.

Det ein oppnår er å halde dyra samla så dei ikkje drar lange vegar og brukar opp energien på å finne godbitane. Spesielt tidleg på sommaren rek dyra meir og ofte til bakhall der det er ungt gras. Seinare på sommaren beiter dei på simplare gras og held seg i ro. Ein kan òg lede dyra til gode beiteområder ved å rydde stiar som er attgrodde.

Mottakstilhøve for mobil på stølane

Mobilkontakt med omverda var enten dårleg eller ikkje mogleg og bør rettast opp. Dei fleste brukarane har gjort seg avhengig av både internett og telekommunikasjon, men må no ty til dyre løysingar som ikkje alltid fungerer.

Forslag til tiltak og justeringar

Det er ikkje lett å foreslå verkemidlar som kan stimulere bøndene til aktiv stølsdrift. Men følgjande kan truleg vere ein veg å gå:

- Stimulere skuleverket, spesielt jordbrukslinjer på vidaregåande, til å ta stølsbruk inn i læreplanen.
- Arbeide bevisst med «Inn på tunet» tiltak og stølsbruk.
- Reiseliv og «Grøn omsorg».
- Oppmode 4H til å ta stølsdrift inn i praksisoppgåvene.
- Danne stølslag og opprette nettside.
- Marknadsføre stølsdrift for ålmenta.
- Betre marknadstilhøva for stølsprodukt. (Matfestvalen?)
- RMP tilskot til vedlikehald av stølsfjøsar, teknisk utstyr og stølsvegar.
- RMP tilskot til rydding /tynning av beite i stølsområdet.
- Ekstra RMP tilskot til unge stølsbrukarar. Aldersgrense 30 år?
- Starttilskot til nye stølsbrukarar.
- Oppmode teleselskapa til å betra mottakstilhøva for mobil og internett i sentrale stølsområder.

Oppsummerande sluttord

I høve revisjon av RMP (Regionalt Miljøprogram) tok Fmla initiativet til stølsprosjektet. Formålet var å finne ut kor mange stolar som var i aktiv drift og om tilstanden på husa og på kulturlandskapet samt oversikt over økonomi.

Victor Jensen og Reidulv Gald har gjennomført synfaringane og registreringane på stølane, mens Reidulv har ført rapporten i pennen.

Victor har systematisert data, bilete og kart over den einskilde stølen både digitalt og i perm. Lagra informasjon vil bli tilgjengeleg for bøndene og andre interesserte når prosjektet er avslutta.

Under synfaringane har bøndene i dei fleste høva møtt på stølane og informert oss om husa og drifta og har gjeve oss verdifulle synspunkt om praktiske problem dei møter i kvardagen. Dessutan har dei lagd vekt på trivselen ved å vere på stølen både for husdyra, røktarane og resten av familien.

Vi har vorte vel mottekne på alle stølane og på nokre har vi blitt servert ekte stølsmat i selet.

Ein del av bøndene ser på stølsdrifta som livsstil og aktar å halde fram i åra framover, koste kva det koste vil, så lenge «helsa held». Andre var meir tvilande til framtidig drift vesentleg på grunn av dårleg økonomi og stort arbeidspress. Det var heller ikkje lett å starte stølsdrift på nytt fordi fjøsen enten var ramla saman eller i dårleg stand.

Det vart for store investeringar i bygg, vegar og teknisk utstyr til at drifta vart lønnsam.

Nokre av bøndene leigde stolar, men generelt var det problem med å få tak i leigestolar.

Eit par av bøndene var unge og entusiastiske og hadde planane klare for framtidig drift. Men diverre var gjennomsnittsalderen høg eller om lag som elles i landbruket.

Det var størst aktivitet på stølane indre strok av fylket. Voss hadde flest stolar i drift og hadde også det største potensialet til å auke aktiviteten. Kvinnherad var god nr to, men flest bønder stølte i andre fylker. Det er trong for eit krafttak i form av informasjon, økonomisk støtte og betre betalte produkt dersom ein skal få husdyra attende i utmarka.


Kulturlandskapet er i sterk endring og det er ikkje lenger mogleg å bremse attgroinga i utmarka. Men ein kan klare å ta vare på stølskveer og beiter i nærleiken som enno er opne.



Frodige beiter utan husdyr



*Forfattar og
kone vandrar
frå Besso til
Tinnhølen.
Flott tur!*



- | | |
|------------------------------------|--|
| 1 Besso Turisthytte, Eidfjord | 14 Eenstølen |
| 2 Storlisæter, Sysendalen Eidfjord | 15 Fennastølen |
| 3 Rinden, Bjoreidalen | 16 Veskre |
| 4 Øvre Hussæter | 17 Veskre |
| 5 Trond Kaland, Tørvikbygd | 18 Bjørndalen |
| 6 Sjusete, Kvam | 19 Helgaset |
| 7 Nupshadlane, Haukelid | 20 Allmenningen |
| 8 Midtfjellsvollen, Haukelid | 21 Øvrestølen |
| 9 Fedlestein, Valldalen | 22 Helgaset, Urdland |
| 10 Nyastølen | 23 Stavali |
| 11 Havrådalen beitelag | 24 Eikemostølen, Vetrhus, Kyrping |
| 12 Gullbrå Fjellgeit | 25 Krossdalen, Jens Sævareid |
| 13 Ormaset | 26 Botnen, Lars Tyssebotn og Berit Ophus |



FYLKESMANNEN
I HORDALAND